

Leiv Eidsnes, Eidsnesvegen 106,
5913 Eikangervåg.

Eidsnes, den 11.06.2019

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13 JUN 2019	
Ark. saksnr. 17/2449	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Lindås kommune,
Byggjesaksavd,
5914 Isdalstø.

BYGGING PÅ GNR. 215, BNR. 34 EIDSNES YTRE I LINDÅS.

Eg viser til tidlegare skriv om denne saka, og spør om kommunen har fått ordna opp i dei spørsmåla eg peika på. Sjøl har eg ikkje høyrte noko.

No skal/er eigedomen lagt ut for sal. Er det då rett at den vert overdregen til ny eigar med fleire avvik frå vilkår som kommunen har sett, og i tillegg bygd inn på naboeigedomen, gnr. 215, bnr. 2 ?

Dersom overdraginga går gjennom utan merknader frå kommune og event. tinglysingsmyndigheit, er det ille. Den nye eigaren kan jo då sjå at bygningen ikkje er oppført i samsvar med gjeve vilkårsløyve og inn på annanmanns grunn utan innsigelsar.

La det ikkje verta slik at nokon må ha alt i ordna forhold, medan andre ikkje treng bry seg, og det passerar. Eg er ute etter likskap for lova og at rett skal vera rett.

Har de ikkje vore på synfaring, så oppmodar eg til det. Vert eigedomen overdregen slik forholda er i dag, er det etter mi meining med fleire avvik frå vilkåra i løyve og eigedomsgrensa.

Leiv Eidsnes